Askøy vgs.
Vestland fylkeskommune

Informasjon til elevar og føresette om

VG2 på Albert-Schweitzer-Gymnasium i Erfurt, Tyskland

Opphaldet varer heile skuleåret.

Finansiering:
Stipend frå Statens Lånekasse for utdanning. Stipendet skal dekke reise, husleige og mat.

Forsikring:
Vestland Fylkeskommune si reiseforsikring gjeld 180 dagar frå kvar gong eleven er på heimeadressa i Noreg.

Bustad:
Dobbeltrom på Internat 1, Erfurt.

Krav:
God orden og åtferd
Gode karakterar frå VG1
Gode sosiale ferdigheiter
Interesse for andre kulturar
Minst tysk II i VG1
Sjølvstendigheit og pågangsmot

Fagtilbod:

Obligatoriske fag:

- Tysk (blir godkjent som tysk II)
- Matematikk (blir godkjent som R1)
- Engelsk (blir godkjent som internasjonal engelsk)
- Anten biologi, kjemi eller fysikk (blir godkjent som tilsvarande fag i Noreg)
- Historie (blir godkjent som tilsvarande fag i Noreg)
- Gym

Andre fag - dei fleste faga finst både som to- og firetimarsfag:

- Fysikk (blir godkjent som fysikk 1 viss det er firetimarsfag)
- Kjemi (blir godkjent som kjemi 1 viss det er firetimarsfag)
- Biologi (blir godkjent som biologi 1 viss det er firetimarsfag)
- W&R (økonomi og rettslære – blir godkjent anten som økonomi eller rettslære)
- Geografi (blir godkjent som geofag 1 viss det er firetimarsfag)
- Etikk, religion, musikk, kunst, samfunnskunnskap, informasjonsteknologi

Litt norskundervisning frå lærar på Askøy vgs undervegs i skuleåret

Anna:
Askøy videregående skole organiserer reise ved skulestart, bustad, kontakt med skule og myndigheiter i Erfurt og følger opp elevane med besøk ca. ein gong i månaden gjennom heile skuleåret.

Søknad:

- Søk på VIGO innan 1. mars: studiespesialiserande VG2 i Tyskland
- Søk på eige skjema som du sender til Askøy vgs innan 1. mars.
    - Legg ved ein presentasjon av deg sjølv. Fortel om bakgrunn, interesser og motivasjon for å gå på skule i utlandet.
    - Legg ved karakterutskrift frå 1. termin VG1
- Det blir gjennomført intervju i mars og april, uttaket skjer ca i midten av april.

Skriv til

Rektor Berit Karin Øydvin Nilssen
Askøy videregående skole
Søre Myrane 13
5300 Kleppestø

Evt. e-post til post.asv@vlfk.no

Merk søknaden «VG2 i Tyskland»

SØKNADEN SKAL OGSÅ UNDERSKRIVAST AV FORELDRE/ FØRESETTE

Spørsmål kan rettast til internasjonal koordinator Ann-Elin.Dyroy@vlfk.no

Askøy vgs.
Vestland fylkeskommune

v/ rektor Berit Karin Øydvin Nilssen
Søre Myrane 13
5300 Kleppestø

Søknad om opptak til Internasjonal vidaregåande skule
Albert-Schweitzer-Gymnasium, Erfurt, Tyskland.
Studiespesialiserande utdanningsprogram VG2

NB! Hugs å søke på VIGO også!

Namn: _____ Fødselsnr. (11 siffer) _____

Adresse: _____

Postnr: _____ Poststad: _____

Mobil: _____ E-post: _____

Dette skuleåret er eg elev ved: _____

Kontaktlæraren min heiter: _____

Plikter for eleven:
Eg vil akseptere fagtilbodet eg får på Albert Schweitzer Gymnasium: _____
Eg pliktar meg til å følgje reglementet på skulen og internatet: _____
Eg pliktar meg til å vise omsorg for mine medelevar: _____
Eg pliktar meg til å vere ein god representant for Noreg i utlandet: _____

Til dei føresette:
Vi/eg støttar søknaden:_____
Vi/eg er innforstått med at vi/eg, saman med Vestland fylkeskommune, er ansvarleg for at eleven skal vere forsikra under opphaldet: _____
Vi/eg er innforstått med at eleven kan bli sendt heim for vår/mi rekning ved reglementsbrot. _____

Dato: _____ **Stad**: _____

_____ _____ _____

underskrift elev **underskrift føresett** **underskrift føresett**

OBS! Eleven må i tillegg skrive ein presentasjon om seg sjølv. Fortel om bakgrunn, interesser og motivasjon for å gå på skule i utlandet. Legg òg ved karakterutskrift frå 1. termin VG1.

Søknadsfrist 1. mars.